



Eining for Teknisk drift

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1426 - 15/29568

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

21.09.2015

Høring - søknad om utsleppsløyve - gbnr 181/11 Torsheim

Saka gjeld

Lindås kommune har mottatt søknad om utsleppsløyve for eigedomen gbnr 181/11. Søknaden gjeld auka utslepp frå heilårsbustad med vassklosett.

Søklar skriv i søknaden:

Når Storavatnet blei klausulert til drikkevatt blei det etablert ny utsleppsordning, av kommunen, frå eigedomen. Det har også vert utslepp frå toalett (bruntvatn) i boligen heile tida. Ønskjer no å oppgradere med avløpsreanseanlegg klasse 1. Dette for å redusere utsleppet fra bustaden.

Utsleppet frå eigedomen er søkt reinsa i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac (FD 5 N PEH) der avlaupet skal førast til innsjø. I følgje Teknisk godkjenning har anlegget reinseeffektar som tilsvarar NS-EN 12566-3 og som tilfredstiller forureiningsforskrifta sine krav til bruk i følsamt og normalt område med brukarinteresser i tilknytning til resipienten.

Planstatus

Eigedomen ligg innanfor sikringssona for nedslagsfelt til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune med vedtekne klausuleringsføresegner. Bygget ligg nærare vatnet enn 100 meter.

Klausuleringsføresegnene for Storavatnet har forbod mot bygging av nye hus eller hytter. Bruksendring eller utvidingar av eksisterande hytter vert heller ikkje tillate, jf § 1.

Bygget sin status

Bygget er i matrikkelen registrert som «våningshus benyttes som fritidshus».

Kommunen har ingen opplysningar i arkivet om når bygget er oppført eller kva bygget er oppført som. Det er heller ingen registreringar av kommunale avgifter på eigedomen. Vi kan heller ikkje sjå at det i folkeregisteret er registrert fast busetnad på eigedomen ut frå opplysningar tilbake til 1960-talet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Då arbeidet med oppgradering av alle avløp i området, som del av skjønnsoppgjøret for Søre del av Storavatnet vart gjennomført, var bnr 11 registrert i bruk som fritidshus. Egedomen var registrert med gråvassutslepp, som vart oppgradert i samsvar med den tids krav, jf vedlagte uttale frå Teknisk drift.

Opgitt status for bygget som bustad er ikkje dokumentert, men bygget kan ha blitt oppført som bustad. Ut frå kommunen sine opplysningar har bygget ikkje vore i bruk som bustad på svært lang tid, truleg over 50 år. Kommunen vurderer førebels, ut frå opplysningane i saka, at bruken av bygget som bustad er å sjå på som opphørt og at bygget ikkje kan takast i bruk som heilårsbustad før det ligg føre løyve til bruksendring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 20-3.

Saksgang

Kommunen avgjer søknader om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap 12. Mattilsynet kan med heimel i drikkevassforskrifta forby eller setta vilkår for aktivitetar i nedbørsfeltet til drikkevasskjelda.

Før kommunen fattar vedtak i saka ber vi om uttale i saka. Frist for uttale vert sett til 4 veker.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale - avløp frå gnr 181 bnr 11, Lindås kommune.

Situasjonskart - gbnr 181/11 Torsheim - bruksendring

image2015-08-28-065635

Førebels svar på søknad om utsleppsløyve - gbnr 18111 Gausereide.

Søknad om utslepp - gbnr 181/11 Torsheim - bruksendring

Matrikkelinformasjon

Biovac - Minirensanlegg

Bruksendring frå hytte til bustad gbnr 181/11 Torsheim

Gbnr 181-11 Grunnkart matrikkel (1000)

Gbnr 181-11 Kommuneplan (5000)

Olav Thorsheim

Mottakarar:

Eining for Teknisk drift,
Kommuneoverlegen i Lindås,
Mattilsynet
Kommuneoverlegen i Lindås
Mattilsynet

Felles postmottak 2381

BRUMUNDDAL